

Ligg på fjerde plass på tabellen**18.09.2012**

**Rosendalslaget til jentene med eit solid innslag frå Uskedalen
ligg førebels på fjerdelassen på fjerdedivisjonstabellen med 7
poeng medan det leiande lag Arna-Bjørnar 3 har 9 poeng.**

Rosendal har tapt med 3-0 for NBK/Eikanger/Kvernbit, vunne
2-1 over Arna-Bjørnar 3, spela
uavgjort 1-1 mot Os og vunne 4-2 over Bønes.
Til helga skal dei spela heime i Rosendal mot Bjarg.

Under den siste kampen, som var mot Os, var 5 uskedelingar med:
Katrine Yri Røssland, Kari Bråtun, Anita Simensen, Gøril Samland Eik
og Ingebjørg Haugland.

Den siste utlikna i siste minutt og trenar
Magne Skår konstaterer at dei færreste kan hamle opp med laget når det
tør å ta ned ballen og spela pasningsfotballen som dei er flinke til.

Av Ola Matti Mathisen